



Fylkesmannen i  
Hordaland

# RAPPORT OPPLÆRING INNANFOR KRIMINALOMSORGA



2005

Fylkesmannen i Hordaland  
Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

**ISSN: 1501-7056**

Trykk: Kalleklev Trykkeri AS – Bergen

## FØREORD

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga utarbeider kvart år ein samlande, nasjonal rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2005 ligg no føre.

Vi ser at talet på elevplassar aukar, trass i at talet på årsverk går ned. Sjølv om hovudmønsteret framleis er at ein legg stor vekt på allmenne, økonomiske og administrative fag og delvis mekaniske fag, ser vi også tendensar til endring av opplæringstilboda. Det er fleire skolar som mellom anna tilbyr ulike praktisk/estetiske fag.

For første gong i norsk historie blei det lagt fram ei stortingsmelding om opplæring innanfor kriminalomsorga. Dette er også eineståande i ein europeisk samanheng. Meldinga blei handsama i Stortinget i juni 2005. Stortingsmeldinga har ei rekkje framlegg til forbetring av opplæringa for dei innsette. Mange av forslaga i meldinga blei forsterka av Stortinget. Meldinga varslar ein ny kurs for fengselsundervisninga. Det no skal leggjast meir vekt på yrkesfagleg opplæring og korte, kompetansegejvande kurs. I Kunnskapsløftet blir bruk av digitale verktøy omtala som ein av dei fem grunnleggjande basisdugleikane. Dette blir også understreka i meldinga. Praktisk-estetiske fag blir sett på som viktige, ikkje minst for å motivere innsette til å bruke sine skapande evner på ein konstruktiv måte. Forvaltningssamarbeidet får ein sentral plass der godt samarbeid mellom etatane er ein viktig føresetnad for å leggje gode planar for den innsette/frigjevne. Oppfølgingsarbeidet etter avslutta soning blir på nytt understreka som særskilt viktig for at den frigjevne skal finne sin plass i samfunnet.

For å få ny kunnskap, vinne erfaringar og utvikle ny praksis, går meldinga inn for fleire prosjekt. Det gjeld prosjekt om oppfølging av utdanning etter endt straffegjennomføring, prosjekt om realkompetansevurdering, prosjekt ulike læreveskar, kartlegging av innsette sin rett til opplæring og tiltak for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i fengsla.

Fylkesmannen i Hordaland ser det som svært positivt at skolane engasjerer seg så sterkt internasjonalt gjennom deltaking både i Grundtvig 1 og Grundtvig 2 prosjekt. Fylkesmannen i Hordaland tok i 2005 initiativet til eit omfattande Grundtvig 1 prosjekt der målsetjinga er å utprøve ulike sider av IKT i europeisk fengselsundervisning. I alt ni europeiske land er med. Internasjonal deltaking kan gje støtte til andre, samstundes som skolane får perspektiv på eiga verksemd.

Den mest sentrale utfordringa framover er å sikre ei god oppfølging av stortingsmeldinga.

Rapporten byggjer på eit rapporteringsskjema som er utfyllt av skolane og sendt til opplæringsavdelinga ved fylkeskommunen. Rapporteringa er ein lekk i ei systematisk resultatoppfølging av dette området innanfor utdanningssektoren.

Fylkesmannen i Hordaland vonar rapporten vil verka som eit positivt innspel i drøftingane omkring opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet er utført av seniorrådgjevar Torfinn Langelid. Adjunkt Olav Gjelsvik, Åsane vgs, har stått for datahandsaminga av materialet.

Bergen, juni 2006

Kjellbjørg Lunde  
Utdanningsdirektør

<b>INNHALD</b>	<b>SIDE</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>6</b>
<b>2 Tilrettelegging og gjennomføring av rapporteringa</b>	<b>6</b>
2.1 Rapportering	6
2.2 Gjennomføring	6
<b>3 Rapporteringa</b>	<b>7</b>
3.1 Resultatmål for 2004	7
3.2 Generell vurdering av verksemda	9
3.2.1 Samandrag	9
3.2.2 Omfang	11
3.2.3 Elevplassar og gjennomstrøyming	11
3.2.4 Kapasitetsutnytting, varetekt og frigang	11
3.2.5 Opplæringstilboda	11
3.2.6 Opplæring for kvinnelege innsette	12
3.2.7 Opplæring for utanlandske innsette	13
3.2.8 Alder	13
3.2.9 Opplæring i bedrift – lærlingar	13
3.2.10 Samarbeid	14
3.2.11 Elevdemokratiet	15
3.2.12 Evaluering av eiga verksemd	15
3.2.13 Eksamen	15
3.2.14 Kostnader	16
3.2.15 Avbrot	16
3.2.16 Internasjonalt samarbeid	16
3.2.17 Lærarar	17
3.2.18 Undervisningslokale	18
<b>4 Rapport om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland</b>	<b>19</b>
4.1 Innleiing	19
4.2 Tilsyn/kontroll	19
4.3 Fagleg/pedagogisk oppfølgingsarbeid. Forsøks-og utviklingsarbeid	19
4.4 Internasjonalt arbeid	25

## **OVERSYN OVER TABELLAR, FIGURAR OG VEDLEGG**

### **Tabellar:**

Tabell 1:	Oversyn over opplæringa	27
Tabell 2:	Elevplassar samla 1996 – 2005	28
Tabell 3:	Kapasitetsutnytting 1996 – 2005	28
Tabell 4:	Elevane i anstalt fordelte på alder	29
Tabell 5:	Elevane i oppfølgingsklassene – fordelte på alder	29
Tabell 6:	Elevane i anstalt fordelte på dom og varetekt	29
Tabell 7:	Det totale talet elevar som fekk opplæring i 1996 – 2005, fordelte på skoleslag	30
Tabell 8:	Innsette og elevar fordelte på kjønn	30
Tabell 9:	Innsette – frigang til skole og arbeid i tidsrommet 1996 – 2004	30
Tabell 10:	Oversyn over elevplassar i opne og lukka anstaltar – fordelte på skoleslag	31
Tabell 11:	Elevar i oppfølgingsklassene fordelte på ulike kategoriar	31

Tabell 12:	Elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar	31
Tabell 13:	Fordeling av elevar på studieretningar i vidaregåande skole med tilsvarande fordeling i fengsel og i oppfølgingsklassene	32
Tabell 14:	Oversyn over inngåtte lærekontrakter/fagbrev og teoriunderv. §3-5	32
Tabell 15:	Tal elevar som har tatt eksamen/delkompetanse/ikkje-kompetanse-gjevande kurs	32
Tabell 16:	Tal på beståtte eksamenar – grunnskole/vidaregåande skole	33
Tabell 17:	Avbrot der undervisninga stoppa opp	33
Tabell 18:	Lærarar tilsette i fengselsundervisninga i tidsrommet 2000 – 2005	33

### Figurar:

Figur 1:	Elevplassar i anstalt 1996 – 2005	34
Figur 2:	Elevplassar, oppfølgingsklassene 1996 – 2005	34
Figur 3:	Fordeling av elevplassar på skoleslag 2005	35
Figur 4:	Fordeling av elevplassar i anstalt 2005	35
Figur 5:	Fordeling av elevplassar i oppfølgingsklassene 2005	36
Figur 6:	Kapasitetsutnytting i skolane, samla 1996 – 2004	36
Figur 7:	Kapasitetsutnytting blant skolane i fengsla, 1996 – 2005	37
Figur 8:	Kapasitetsutnytting i oppfølgingsklassene 1996 – 2005	37
Figur 9:	Fordeling av elevplassar innanfor vidaregåande opplæring	38
Figur 10:	Elevplassar i vidaregåande skole – i anstalt, fordelte på studieretningar 2005	38
Figur 11:	Elevplassar i vidaregåande skole – i oppfølgingsklasser, fordelte på studieretningar 2005	39

### Vedlegg:

Vedlegg 1:	Oversyn over elevplassane	40
Vedlegg 2:	Oversyn over faktisk elevtal – kapasitetsutnytting	42
Vedlegg 3:	Utanlandske innsette/elevar; snitt av februar/oktober	43
Vedlegg 4:	Aldersfordeling – innsette/elevar	44
Vedlegg 5:	Registrerte elevar – gjennomtrekk	46
Vedlegg 6:	Fordeling av innsette/elevar – dom/varetekt	48
Vedlegg 7:	Registrerte elevar i 2005 – fordelte på anstaltar/oppfølgingsklasser	49
Vedlegg 8:	Kjønn – innsette/elevar	51
Vedlegg 9:	Frigang til skole og arbeid	53
Vedlegg 10:	Elevane i oppfølgingsklassene fordelte på kategoriar	54
Vedlegg 11:	Grunnskolen – elevplassar/tildelte lærarårstimar	55
Vedlegg 12:	Elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar	57
Vedlegg 13:	Vidaregåande skole – elevplassar/tildelte lærarårstimar	58
Vedlegg 14:	Andre kurs – elevplassar/tildelte lærarårstimar	60
Vedlegg 15:	Opplæring i bedrift – lærlingar	62
Vedlegg 16:	Eksamen, delkompetanse, ikkje-kompetanse-gjevande kurs, høgskole, brevkurs	66
Vedlegg 17:	Avbrot der undervisninga stoppar opp	67
Vedlegg 18:	Avbrot der undervisninga held fram	69
Vedlegg 19:	Lærarar i heil- og deltidstilling	71
Vedlegg 20:	Ressursar til administrasjon og kontorphersonale	73
Vedlegg 21:	Aldersfordeling i oppfølgingsklassene	75
Vedlegg 22:	Faktisk elevtal og kapasitetsutnytting i 2001/2003/2005	76

## 1. INNLEIING

Målsetjinga med rapporten er at han skal vera eit faktabasert utgangspunkt for drøfting av verksemda med sikte på vidareutvikling av området. Sentrale aktørar i denne drøftinga er fylkeskommunen og skolane i lag med kriminalomsorga. Fylkesmannen kan nytte rapporten som utgangspunkt for gjennomføring av tilsyns-og kontrollbesøk og skolebesøk med fylkeskommunen.

## 2. TILRETTELEGGING OG GJENNOMFØRING AV RAPPORTERINGA.

### 2.1 Rapportering

Rapporteringsskjemaet blei sendt ut i januar 2005. Det har fem hovudområde:

- \* Om anstalten og fangebefolkninga (Desse opplysningane får skolane gjennom KOMPIS - kriminalomsorgen sitt eige dataregister)
- \* Om skolen
- \* Om dei innsette/frigjevne
- \* Om elevane
- \* Skoleoppsummering for året

Til rapporteringsskjemaet er det laga ei rettleiing som skolane kan nytte når skjemaet skal fyllast ut. Vi vil oppmode skolane om å nytte rettleiinga i størst mogeleg grad slik at vi kan få så korrekte opplysningar som råd er. Fylkesmannen i Hordaland oppmodar samstundes dei aktuelle partane om å melde tilbake om sider ved rapporteringsskjemaet som kan bli betre.

Rapporteringsskjemaet har på nokre spørsmål to teljedatoer og på eitt spørsmål (spm. 21) fire teljedatoar. Det er for å sikre seg at ikkje berre ein dato skal bli utslagsgjevande. Ulike fengselsfaglege disposisjonar og andre forhold, kan på ein teljedato føre til svært lågt registrert elevtal og dermed gi inntrykk av dårleg kapasitetsutnytting. Når det faktiske elevtalet (spm. 21) blir tald fire gonger, er vi sikra eit betre bilete av kapasitetsutnyttinga. I rapporten opererer vi med eit gjennomsnittstal. Frå og med 2001 har rapporteringsskjemaet blitt utvida med kvalitative spørsmål som gjeld ulike sider i samband med samarbeidet med fengslet, standard på undervisningslokale, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda som det er ønskjeleg å ta opp.

### 2.2 Gjennomføring.

Skolane skal levere rapporteringsskjemaet ved utgangen av kvart år til fylkeskommunen v/utdanningsetaten. Fylkeskommunen sender rapporteringsskjema samla til Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga m/kopi til utdanningsavdelinga hos fylkesmannen i kvart fylke. Fylkesmannen i Hordaland utarbeider på grunnlag av rapporteringsskjema kvart år ein samlande nasjonal rapport om fengselsundervisninga. Som vedlegg følgjer eit samla oversyn over tabellar, figurar og vedlegg for dei som ønskjer å gå grundigare inn i materialet. Gjennom desse årlege rapportane vil ein over tid sjå utvikling og forandring og dermed ha ei sikrere plattform for å setje i gang tiltak som kan fornye og på ein betre måte tilpassa opplæringa til framtidige yrke.

### 3. RAPPORTERINGA

#### 3.1 Resultatmål for 2005

I stortingsproposisjon nr 1 for 2004 - 2005 formulerte Utdannings- og forskningsdepartementet målsetjinga for og omtale av Opplæring innanfor kriminalomsorga slik:

#### ***Kap 225 Post 68 Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga:***

##### *Målsetjing*

Målet med tilskottsordninga er å gi undervisning på grunnskolenivå til innsette og frigitte som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til dei som har rett til og ønskjer det. På grunn av at mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er formal-kompetansegivande kurs i høve til læreplanar ofte ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit reelt opplæringstilbod, er det også eit mål å gi kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.

##### *Rapport for 2003*

Det er etablert fleire elevplassar i dei siste åra, frå 810 i 1996 til 943 elevplassar i 2003. Over 4000 personar tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av året. Det blir gitt opplæring i 34 av 42 anstaltar i Noreg, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Fleire skolar har gjort gode erfaringar med nye tilbod i musikk, drama og formgivingsfag. Hovudtyngda av elevane (72,9 pst.) er i alderen 23 – 40 år. Fleire elevar enn før tek ei eller anna form for eksamen (545 i 2003 mot 464 året før), og nesten 1300 har gjennomført ikkje-kompetansegivande kurs.

Ei omfattande forskingsbasert evaluering av fengselsundervisninga vart avslutta hausten 2003. Evalueringsrapportane viser samla at fengselsundervisninga blir sett på som positiv av dei innsette, og det er stor semje om at dei har utbytte av opplæringa. Evalueringa peikar likevel på mange tiltak som bør følgjast opp for å utvikle og forbetre fengselsundervisninga.

Med utgangspunkt frå Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd leverte Fylkesmannen i Hordaland hausten 2003 ein rapport til Nordisk Ministerråd om fengselsundervisninga i eit nordisk perspektiv. Rapporten gir eit kort, overordna og oppdatert samanliknande oversyn av fengselsundervisninga i Danmark, Finland, Noreg og Sverige. I tillegg er det også eit kortfatta oversyn over situasjonen på Island, Grønland, Færøyane og Åland. Rapporten har mange av dei same tilrådingane som den norske forskingsbaserte evalueringa. Den nordiske kartlegginga viser at eit godt samarbeid mellom kriminalomsorga og dei ulike styresmaktene er ein viktig føresetnad for å komme i møte dei innsette sine behov for opplæring.

##### *Budsjettforslag for 2005*

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2004.

#### **Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa**

I samband med drøftinga av tilskottsordninga sa komiteen under *OPPLÆRING UNDER SONING (POST 68)*

*Komiteen viser til den omfattende forskingsbaserte evalueringen av fengselsundervisningen som ble avsluttet høsten 2003. Evalueringen viser at fengselsundervisningen blir oppfattet positivt av de innsatte, og at de har utbytte av den. Evalueringen peker også på tiltak som bør følges opp i fremtiden for å forbedre fengselsundervisningen. På bakgrunn av forskningsevalueringen og kapasitetsutvidelsen ved flere fengsler de siste årene, ba komiteen i Budsjett-innst. S.nr.12 (2003-2004) Regjeringen legge frem en egen melding om*



*fengselsundervisningen. Komiteen er derfor tilfreds med at departementet varsler en stortingsmelding om fengselsundervisningen.*

*Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet er opptatt av at fanger som soner i norske fengsler skal gis et fullverdig opplæringstilbud. Disse medlemmer viser til FAFO-undersøkelsen om innsattes levekår (FAFO-rapport 429-2004), som avdekket at mange innsatte har svak utdanningsbakgrunn sammenliknet med befolkningen for øvrig. Fire av ti fanger har kun ungdomsskolen som lengste fullførte utdanning, og svært få har utdanning utover videregående skole. Disse medlemmer mener at utdanning er et svært viktig adgangskort til videre arbeids- og samfunnsliv etter soning, og vil vise til den rehabiliterende rolle et godt opplæringstilbud spiller. Disse medlemmer vil understreke at innsatte i norske fengsler gjennom lovverk og internasjonale konvensjoner har rett til et fullverdig opplæringstilbud.*

*Disse medlemmer vil påpeke at de statlige tilskuddene som gis til opplæring i kriminalomsorgen ikke er justert i henhold til den kapasitetsutvidelsen som har funnet sted ved flere av fengslene de senere år, og at antall timer lagt ut til opplæring gradvis har blitt redusert over tid. Det har med andre ord blitt opprettet nye soningsplasser uten at det er lagt inn mer midler til opplæring. Dette strider etter disse medlemmers oppfatning klart imot opplæringsloven, som gir innsatte i fengsler rett og plikt til grunn- og videregående opplæring, samt spesialundervisning og realkompetansevurdering.*

*Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet foreslår å bevilge 7 mill. kroner mer enn Regjeringen til opplæring innenfor kriminalomsorgen.*

*Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti frykter at utilstrekkelige bevilgninger i neste budsjettår vil gå ytterligere ut over opplæringstilbudet til fengselsinnsatte, og viser til Sosialistisk Venstrepartis alternative budsjett med forslag om å øke det statlige tilskuddet til opplæring innenfor kriminalomsorgen med 25 mill. kroner i 2005.*



## 3.2 Generell vurdering av verksemda

### 3.2.1 Samandrag

Talet på elevplassar aukar litt for kvart år, trass i at talet på årsverk går ned. Grunnen kan vera at skolane utnyttar dei små klasseromma maksimalt, og at det er fleire elevplassar på grunn av nye tilbod. Sjølv om bruk av frigang til skole og arbeid blir nytta i for liten grad, er det positivt at dei fengsla som har skole, rapporterer om auka bruk av frigang.

Når det gjeld opplæringstilboda, er det om lag same fordeling som tidlegare år. Talet på elevplassar innanfor grunnskoleopplæringa ligg på 9 prosent. Over halvparten av elevplassane (55 prosent) finn vi innanfor vidaregåande opplæring, og dei resterande elevplassane er i samlenemninga ”andre kurs”. Som tidlegare år er nesten to tredelar (60 prosent) av elevplassane innanfor vidaregåande opplæring i studieretninga for allmenne, økonomiske og administrative fag (sjå figur 9). I gruppa ”Andre kurs” har det blitt fleire korte kurs og større variasjon i tilboda. Døme på slike kurs er formingskurs, NOA (Norsk som andrespråk), korte datakurs, musikk- og dramakurs, sveisekurs, måling, teikning og keramikk. Det har aldri vore så mange som har inngått lærekontrakt i fengsel som i 2005, meir enn ei fordobling i høve til året før (sjå tabell 14). Det er også ein auke i tal innsette som har tatt fagprøve (sjå tabell 14).

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom eit samarbeid med Norsk Musikkråd ytt midlar slik at det har kome i gang grunnkurs musikk, dans og drama, t.d i Oslo fengsel, Bergen fengsel og Gjøvik fengsel. Elles ser vi at fleire skolar satsar meir på praktisk-estetiske fag enn før med svært gode resultat.

Oppfølgingsklassene har det same smale opplæringstilbodet som tidlegare år. Over to tredelar (68 prosent) av elevplassane er innanfor vidaregåande opplæring (sjå figur 5), og innanfor dette området er allmenne, økonomiske og administrative fag totalt dominerande (95 prosent). Svært positivt i oppfølgingsklassene er at kapasitetsutnyttinga i ”Andre kurs” er over 110 prosent (sjå figur 8). Som tidlegare år er det friomsorga, skolen i fengslet og sosialetat som i hovudsak rekrutterer elevar til oppfølgingsklassene (sjå tabell 12 og vedlegg 12).

Fylkesmannen i Hordaland vil peike på det positive ved at så mange skolar engasjerer seg i internasjonalt samarbeid både gjennom Grundtvig 1, Grundtvig 2 og Grundtvig 3 – prosjekt. På denne måten får skolane dele erfaringar og kunnskap med skolar og fengsel i andre land og samstundes få perspektiv på eiga verksemd.

Elevane er i hovudsak godt vaksne med hovudtyngda i alderen 23 – 40 år (sjå tabell 4 og 5, og vedlegg 4). For å leggje til rette for eit strukturert og tilpassa opplæringstilbod, er det difor viktig å ta i bruk realkompetansevurdering i større grad enn tilfellet er i dag. Det er framleis få skolar som rapporterer om bruk av realkompetansevurdering. Som ei målsetjing bør alle innsette få ei realkompetansevurdering ved innsetjing i fengsel. På denne måten kan ein i større grad fange opp både utdanningsbakgrunn og behov. Behovet for bruk av realkompetansevurdering blir og sterkt understreka i stortingsmeldinga.

Departementet legg stor vekt på at IKT skal takast i bruk på alle nivå i opplæringa og har lagt fram eit ”Program for digital kompetanse 2004-2008”. Under leiing av Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF) blei det sett ned ei nasjonal arbeidsgruppe med representantar for KSF, Fylkesmannen i Hordaland og Utdanningsdirektoratet. Målsetjinga for gruppa er å følgje med i utviklinga på området og koma med framlegg til tekniske og pedagogiske forbetringar. I tillegg arbeider gruppa med å leggje til rette for ei nasjonal løysing som tilfredsstillar både dei pedagogiske og tryggleiksmessige sidene ved bruk av IKT i opplæringa i kriminalomsorga. Departementet understrekar i stortingsmeldinga at IKT-kompetanse er nødvendig for å utvikle ein fullverdig kompetanse hos elevane.

Justisdepartementet v/KSF la i 2005 fram ein ”Strategi og handlingsplan for arbeidsdriften 2005 – 2008”. Ei av målsetjingane for arbeidsdrifta er at ho skal drive ein

aktivitet som ”...kan være kvalifiserende ut ifra den enkeltes ståsted”. Frå skoleverket si side er dette svært positivt. Gjennom samarbeid med arbeidsdrifta kan opplæringstilboda bli fleire og meir varierte. Samstundes får dei innsette kompetanseheving og arbeidstrening gjennom deltaking i arbeidsdrifta, medan skolen gir teoriopplæringa. I stortingsmeldinga seier departementet at det er viktig at arbeidsdrifta er godt fungerande lærebedrifter med kompetanse til å gje delar av yrkesfagleg opplæring.

Samarbeidet mellom skolen og mellom dei ulike yrkesgruppene i kriminalomsorga er av varierende grad. Det er best og mest systematisk mellom skolen og arbeidsdrifta i fengsla. Dette samarbeidet har og ført til fleire opplæringstilbod. Samarbeidet er varierende når det gjeld framtidsplanen og dårlegast er samarbeidet i høve til programverksemda. Som tidlegare år blir Aetat spesielt trekt fram av skolane som ein god og viktig samarbeidspart. Samla sett er det eit stort forbettringspotensiale på dette området.

Talet på kvinnelege innsette i denne registreringa er nesten 8 prosent. Halvparten av dei kvinnelege innsette fekk opplæring (sjå tabell 8 og vedlegg 8).

Utanlandske innsette utgjorde i 2005 nesten ein femdel av elevane (24,9%), litt fleire enn i 2004. Godt over halvparten (58,8 prosent) av desse elevane finn vi ved Bergen fengsel, Ringerike fengsel, Ullersmo fengsel og Oslo fengsel (sjå vedlegg 3).

Det var mange fleire elevar som tok eksamen i 2005, men det same talet elevar gjennomførte samstundes færre eksamenar enn i føregåande år (sjå tabell 16). Det var om lag 150 fleire innsette enn før som tok ikkje-kompetansegejevande kurs.

Rapporten viser at det går føre seg ei omfattande undervisningsverksemd i fengsla og i oppfølgingsklassene. Samla blir det nytta om lag 185 årsverk fordelt på 286 lærarar. Det var 96 lærarar på heiltid og 190 på deltid (sjå tabell 18 og vedlegg 19). Litt over ein tredel (36,0%) var kvinner.

Regjeringa la i april 2005 fram St. meld. nr. 27 (2004-2005) i april 2005. Meldinga blei følgt opp av Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen med Innst. 196 (2004-2005) og Stortinget handsama meldinga i juni 2005. Stortinget bad Regjeringa leggje fram ei sak om statleg finansiering av opplæring innanfor kriminalomsorga.

Stortingsmeldinga har mange forslag til forbetringar innanfor opplæringa i kriminalomsorga. Mange av forslaga i meldinga blei forsterka av Stortinget. Meldinga understrekar at det no skal leggjast meir vekt på yrkesfagleg opplæring og korte, kompetansegejevande kurs. Dette vil også vera meir i tråd med behova i arbeidslivet og dermed truleg gjera det lettare å få arbeid etter avslutta soning. Det skal leggjast særleg vekt på kvinnelege innsette sine behov for yrkesfagleg opplæring. I Kunnskapsløftet blir bruk av digitale verktøy omtala som ein av dei fem grunnleggjande basisdugleikane. Dette blir også understreka i meldinga. Praktisk-estetiske fag blir sett på som viktige, ikkje minst for å motivere og bruke sine skapande evner på ein konstruktiv måte. Forvaltningssamarbeidet får ein sentral plass der godt samarbeid mellom etatane er ein viktig føresetnad for å leggje gode planar for den innsette/frigjevne. Oppfølgingsarbeidet etter avslutta soning blir på nytt understreka som særskilt viktig for at den frigjevne skal finne sin plass i samfunnet.

For å få ny kunnskap, vinne erfaringar og utvikle ny praksis, går meldinga inn for fleire prosjekt. Det gjeld prosjekt om oppfølging av utdanning etter endt straffegjennomføring, prosjekt om realkompetansevurdering, prosjekt ulike læreavanskar, kartlegging av innsette sin rett til opplæring og tiltak for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i fengsla.

Departementet går inn for at retten til opplæring for utanlandske fanger må sikrast, slik at dei er betre i stand til å halde fram med utdanning eller arbeid i heimlandet sitt.

Både regjeringa og fleirtalet i Stortinget er uroa over det manglande skoletilbodet ved dei 13 fengsla som i dag ikkje har skole. Fleirtalet bed om at Regjeringa lagar ein plan som sikrar at det blir gitt opplæring ved dei fengsla som i dag ikkje har skole. Stortinget ber i

tillegg Regjeringa leggje fram ei sak om statleg finansiering av opplæring innanfor kriminalomsorga.

I samarbeid med Utdanningsdirektoratet sette Fylkesmannen i Hordaland ned ei arbeidsgruppe hausten 2005 for å følgje opp arbeidet med St. meld. nr 27 (2004-2005) *Om opplæringen innanfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. Arbeidsgruppa blir leia av Fylkesmannen i Hordaland og arbeidet skal vera ferdig våren 2006.

### 3.2.2 Omfang

Det var undervisning i 34 av landet sine 47 anstaltar og det var oppfølgingsklasser 10 stader rundt om i landet (sjå tabell 1). I 2005 blei det mellom anna gitt midlar til opplæringstilbod ved Hustad fengsel og Indre Trøgstad fengsel. Planlegginga kom i gang hausten 2005 og opplæringstilboda vil bli etablert i 2006.

### 3.2.3 Elevplassar og elevgjennomstrøyming

I 2005 var talet på elevplassar 964 (sjå tabell 2 og vedlegg 1). Det er ein auke på 154 elevplassar sidan 2000 og 20 i høve til føregåande år. Grunnen til auken er at ein del skolar har fleire elevar i klassen og det er høgare aktivitet på grunn av nye tilbod. Dei seinare åra registrerer vi også kor mange som tar høgskole-og/eller universitetsutdanning. Dersom elevplassane blir utnytta maksimalt, kan godt over ein tredel (37,9 prosent) av dei innsette ved dei fengsla som har opplæring, ta del i eit opplæringstilbod. Samstundes er det store skilnader fengsla i mellom. Ved ein del fengsel er skolen det viktigaste sysselsetjingstilbodet. Gjennom godt samarbeid mellom skolen, arbeidsdrifta i fengsla og Aetat kan det bli fleire opplæringstilbod.

Om lag 4000 innsette (sjå tabell 7 og vedlegg 7) var registrerte som elevar i 2005. Det var nesten 200 fleire personar som var innom skolane for kortare eller lengre tid, samanlikna med året før. Det er positivt at så mange kjem inn i ein opplæringssituasjon og slik kan bli motiverte for vidare skolegang.

### 3.2.4 Kapasitetsutnytting, varetekt og frigang

Utnyttinga av elevplassane har gått litt ned (sjå tabell 3 og vedlegg 22) samanlikna med føregåande år, 77,9 prosent i 2005 mot 80,1 prosent i 2004). Kapasitetsutnyttinga har gått ned både innanfor vidaregåande opplæring og i andre kurs, men særleg innanfor grunnskoleopplæringa (sjå figur 6). Det siste kan ha samband med at det ikkje lenger er så mange innsette som har behov for grunnskoleopplæring. Kapasitetsutnyttinga varierer frå skole til skole. Det kan vera ulike forklaringar til desse variasjonane. Frigjeving, fengselsfaglege disposisjonar som overføring til annan anstalt, disiplinærtiltak og for små undervisningslokale verkar inn. I tillegg var det svært redusert kapasitet ved Stavanger fengsel (pga Nokas-rettsaka) og opplæringa i Hustad fengsel hadde ikkje kome skikkeleg i gang.

Varetektsinnsette utgjer om lag ein firdel (24,4 prosent) av fangebefolkninga, men det er litt færre som går på skole (18,9 prosent, sjå tabell 6 og vedlegg 6).

Frigang til skole og arbeid frå dei fengsla som er med i rapporteringa, blir nytta i større grad enn tidlegare. Det er om lag 40 straffedømte som har frigang til skole og 50 som har frigang til arbeid (sjå tabell 9 og vedlegg 9).

### 3.2.5 Opplæringstilboda

Talet på elevplassar i grunnskolen har stabilisert seg på rundt 9 – 10 prosent. Innanfor vidaregåande opplæring er nesten to tredelar (60 prosent) av elevplassane å finne innanfor studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag. Det andre store fagtilbodet er grunnkurs mekaniske fag (15 prosent) og så er der ei jamn fordeling mellom byggfag, formgivingsfag, trearbeidsfag og hotell-og næringsmiddelfag (5 – 7 prosent). I tillegg finn vi

også nokre elevplassar i helse-og sosialfag, media og kommunikasjon, musikk,dans og drama og naturbruk (1 – 2 prosent, sjå figur 10)

Gruppa ”andre kurs” har om lag same oppslutnaden som føregåande år (36 prosent). På dette området har det blitt fleire korte kurs og større variasjon i tilboda enn før. Døme på slike kurs er datakurs, musikk, drama, formingskurs, NOA (norsk som andrespråk), butreningskurs, sveising osv. (sjå vedlegg 14).

Oppfølgingsklassene har framleis eit smalt tilbod, men det har skjedd ei viss forskyving innan dei ulike tilboda. Det er litt fleire elevplassar innanfor andre kurs og litt færre i vidaregåande opplæring. Det blir ei utfordring for oppfølgingsklassene å gje eit opplæringstilbod til dei samfunnsstraffdømte. Nokre oppfølgingsklasser har kome godt i gang med å utvikle ulike kurstilbod på dette området. Fleire av oppfølgingsklassene har utvikla eit godt forvaltningssamarbeid. I stortingsmeldinga blir dette perspektivet understreka og oppfølgingsklassa i Steinkjer spesielt nemnt: *Gode modeller for forvaltningssamarbeid bør videreutvikles og erfaringene formidles til andre. Den såkalte ”Steinkjermodellen” er en interessant modell som bør videreutvikles til bruk ved ulike typer fengsler.*

Dei etatane som i utgangspunktet har ansvaret for oppfølgingsa, er dei som rekrutterer elevar til oppfølgingsklassene. Friomsorga og skolen i fengslet er dei etatane som får flest elevar til oppfølgingsklassene. I tillegg syter også sosialetat og fengslet ved sosialsektretær å få ein del elevar til desse klassene (sjå tabell 12).

Den forskingsbaserte evalueringa gjorde framlegg om fleire yrkesfaglege opplæringstilbod og korte kompetansengjevande kurs. Det er dette dei innsette ønskjer. Det blir følgt opp av stortingsmeldinga som seier at det skal leggjast meir vekt på yrkesfagleg opplæring og korte, kompetansengjevande kurs. Dette vil også vera meir i tråd med behova i arbeidslivet og dermed truleg gjera det lettare å få arbeid etter avslutta soning.

Fleirtalet i Stortinget understrekar verdien av praktisk-estetiske fag, ikkje minst for å motivere og bruke sine skapande evner på ein konstruktiv måte. Fleire skolar rapporterer at dei på bakgrunn av den forskingsbaserte evalueringa utvidar tilbodet innanfor yrkesfag, formgivingsfag, praktisk-estetiske fag og eit utvida samarbeid med arbeidsdrifta.

Eit område som krev mykje merksemd både frå skoleverket og kriminalomsorga framover er IKT (Informasjons- og kommunikasjonsteknologi). Utdanning og bruk av ny teknologi i opplæringa er eit av satsingsområda til regjeringa. Stadig meir av lærestoffet vil vera å finne på Internett og gjennomføring av eksamen vil også krevje større grad av tilgang til Internett. Det er viktig å understreke at dei straffedømte har dei same rettar og plikter i høve til fem grunnleggjande basisdugleikane.

Nasjonalt forum for IKT – opplæring i kriminalomsorga med representantar både for kriminalomsorga og utdanningsstyresmaktene, arbeider for å få til ei nasjonal løysing som skal imøtekoma dei pedagogiske behova og utfordringar knytta opp mot tryggingstiltak og kommunikasjon. Målsetjinga er at den nasjonale løysinga skal takast i bruk hausten 2006.

Arbeidsdrifta er framleis det mest omfattande aktivitetstilbodet i fengsla ved sida av skoleverksemda. Justisdepartementet legg vekt på at arbeidstilbodet skal gje den innsette opplæring, ein normal arbeidsdag og samvær med andre. Kriminalomsorgens sentrale forvaltning har lagt fram ein strategiplan for arbeidsdrifta som skal vare i perioden 2005 – 2008. Arbeidsdrifta skal leggje meir vekt på kompetansengjevande opplæring. Gjennom samarbeid med skolen kan opplæringstilboda bli fleire og meir varierte enn før.

### **3.2.6 Opplæring for kvinnelege innsette**

Talet på kvinnelege innsette i denne registreringa er fem prosent. Halvparten av dei kvinnelege innsette tar del i eit eller anna opplæringstilbod (sjå tabell 8 og vedlegg 8). Det er fleire enn før. Over ein tredel av elevane (34,4 prosent) som fekk opplæring i 2003, var innsette ved Bredtveit fengsel, Fredrikstad fengsel og Trondheim fengsel. I tillegg har



Drammen fengsel, Skien fengsel, Stavanger fengsel og Bergen fengsel eit visst innslag av kvinnelege elevar. Samanlikna med mannlege innsette har dei kvinnelege innsette få yrkesfaglege tilbod å velje mellom. Stortingsmeldinga legg særleg vekt på kvinnelege innsette sine behov for yrkesfagleg opplæring.

### 3.2.7 Opplæring for utanlandske innsette

Ved dei fengsla som er med i denne registreringa, utgjorde utanlandske innsette 20,9 prosent av fangebefolkninga. Opplæringstilboda er attraktive for utanlandske innsette. Over ein tredel (35,1 prosent) av dei går på skole. Godt over halvparten av desse elevane (58,8 prosent) finn vi i Bergen fengsel, Oslo fengsel, Ringerike fengsel og Ullersmo fengsel.

I stortingsmeldinga går departementet inn for at retten til opplæring for utanlandske fangar må sikrast, om nødvendig gjennom lov- og forskriftsverk for utdanningssektoren. Slik opplæring skal ha som mål å kvalifisere dei utanlandske fangane for arbeid eller vidare utdanning i sitt eige heimland. Opplæring skal derfor, seier meldinga, ikkje ”...baseres på norske læreplaner, men tilby fag og emner som den innsatte kan ha nytte av, for eksempel opplæring i fremmedspråk, i praktiske fag mv. Dette gir særlege utfordringer om tilpasset opplæring” (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.34).

### 3.2.8 Alder

Det har skjedd små endringar i alderssamansetjinga. Det er heller ikkje slik at det har blitt fleire unge i fengsla dei seinare åra. I 2003 var 14,2 prosent av dei innsette i alderen 15 – 22 år, medan talet i 2005 var 10,3 prosent. Av desse var 14,2 prosent i skolen. Det er heldigvis svært få heilt unge i fengsel, 8 ungdomar i alderen 15 – 17 år. I aldersgruppa 15 – 20 år var det i alt 100 innsette. Det store problemet er at vi berre finn igjen om lag halvdel (48,7 prosent) i skolen. Dette er og ein tendens vi kjenner frå tidlegare år. Utfordringa blir å finne fram til kvifor så mange av dei unge innsette ikkje tar del i eit opplæringstilbod. For å styrkje arbeidet for å få dei unge til skolen, må det etablerast eit systematisk samarbeid mellom skolen i fengsl/oppfølgingsklassene og oppfølgingstenesta i fylkeskommunen. Skolen i fengslet er også populær blant dei eldre innsette. I aldersgruppa 41 – 50 år finn vi ein auke i elevtalet frå 9,6 prosent i 2004 til 14,1 prosent i 2005. Alderssamansetjinga i oppfølgingsklassene følgjer i hovudsak det same mønsteret som vi finn blant elevane i fengsla (sjå tabell 5 og vedlegg 5).

Det er viktig å minne om at vaksne har rett til vidaregåande opplæring, rett til grunnskoleopplæring, rett til realkompetansevurdering og rett til spesialundervisning på grunnskolen sitt område. Departementet er opptatt av at realkompetansevurdering blir tatt i bruk av skolane: *Skolen bør sørge for realkompetansevurdering for innsatte som har rett og ønsker det. Vurderingen danner grunnlag for utarbeiding av individuelle planer for opplæringen. Fylkeskommunen og den lokale skolen finner egnede ordninger for gjennomføringen. Også fengsler uten skole bør legge til rette for at det gjennomføres realkompetansevurderinger* (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.24)

### 3.2.9 Opplæring i bedrift – lærlingar

Det har vore ei overordna målsetjing å auke talet på lærlingeplassar i offentlege etatar. Mange av verkstadene i fengsla er godkjende som opplæringsplassar. Det kan sjå ut som det gode samarbeidet mellom skolen og arbeidsdrifta i fengsla har bore frukter. I 2005 var det over ei fordobling av inngåtte lærekontrakter i høve til året før, frå 6 til 13. Talet på avlagde fagprøver hadde heller aldri vore så høgt (sjå tabell 14)

Departementet går i stortingsmeldinga inn for at skolane i fengsla i større grad bør tilby heile eller delar av ei yrkesfagleg opplæring. For å realisere denne målsetjinga, er vidareutvikling av arbeidsdrifta viktig. Opplegg der skolen gir teori og arbeidsdrifta praksis,

kan gje nye tilbod til innsette og bør utnyttast meir. Og legg meldinga til: *Ved å utvikle et mangfold i arbeidsdriften vil muligheten for individuelt tilpassede opplæringstilbud også styrkes* (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.25).

### 3.2.10 Samarbeid

For å få eit klarare bilete av korleis samarbeidet mellom skolane og aktuelle samarbeidspartar fungerer, har vi i rapporteringsskjemaet stilt fleire spørsmål om dette.

a) *Samarbeid mellom skole og arbeidsdrift (kva slags møte, kor ofte og om samarbeidet fører til nye opplæringstilbud)*

Tjuefem skolar melder om godt samarbeid med arbeidsdrifta i fengsla. Samarbeidet har utvikla seg positivt dei seinare åra. I 2003 var det tjueein skolar som svara positivt på same spørsmålet. Det varierer i hovudsak frå daglege møte til møte ein gong i veka. Fire skolar gir også tilbakemelding om at samarbeidet fører til nye opplæringstilbud. Fire skolar melder om meir eller mindre tilfeldig møteverksemd. Tre skolar har ingen kommentar og to skolar seier at det ikkje er noko arbeidsdrift i vedkomande fengsel.

b) *Skisser samarbeidet som føregår rundt framtidsplanen, IOP (individuell opplæringsplan) og attføringsplan*

Når det gjeld framtidsplan, svarar sytten skolar at det er samarbeid med fengslet omkring bruk av framtidsplan. Femten skolar gir uttrykk for at samarbeidet med fengslet på dette området er dårleg. I følgje Justisdepartementet skal kontaktbetjentordninga "...være en integrert del den daglige fengselsdriften". (St.prp.nr 1, 2004-2005, s.77)

c) *Skisser omfanget og innhaldet når det gjeld samarbeid med fengslet og andre samarbeidande instansar*

Det er på dette området at samarbeidet ser ut til å fungere best. 26 skoleavdelingar svarar at dei har eit godt samarbeid både med fengslet og andre samarbeidande instansar. Det gode samarbeidet som har utvikla seg med Aetat held fram. Elleve skolar framhevar spesielt det gode samarbeidet med Aetat. Det er eit generelt trekk at mange skolar har utvikla ei brei kontaktflate med ulike institusjonar som også gjeld psykiatriske poliklinikkar, vidaregåande skolar, folkebibliotek, friviljuge organisasjonar

d) *I kor stor grad er skolen med i samarbeidet omkring programverksemda som føregår i fengsla?*

På dette området er det framleis dårleg samarbeid og det har heller ikkje blitt betre med åra. Heile nitten skolar (15 skolar i 2003) melder tilbake om at samarbeidet fungerer dårleg, er fråverande, eller at det ikkje føregår programverksemd i fengslet. Elleve skolar rapporterer at dei blir tatt med på råd eller er med i gjennomføringa av programtilboda. Eit godt døme på dette er Klosterskogen vgs, avd. Skien fengsel som skriv "*Fra skolens side prioriterer vi deltakelse i programvirksomheten høyt. Vi ser at deltakelse i slike intensive, holdningsskapende kurs kan være vel så verdifullt for videre veivalg som et kompetansebevis fra skolen. De som ønsker det får deltakelse i Ny Start-kurset godskrevet som et to-timers valgfag.*"

Samarbeidet er som vi har registrert, av varierende karakter på dei ulike områda. Best ser samarbeidet ut til å fungere med arbeidsdrifta, fengslet og andre samarbeidande institusjonar. Aetat blir framheva spesielt som ein positiv samarbeidspartnar. Dårlegast er samarbeidet omkring programverksemda. Samarbeidet rundt framtidsplanen må bli betre.

Sjølv om samarbeidet utviklar seg i rett lei, kan det sjå ut som om det føregår noko tilfeldig utan ein samla plan frå kriminalomsorga si side. Skolen må takast med i eit forpliktande forvaltningssamarbeid. Det er den straffedømte/eleven som blir den tapande part i dette, når han/ho må ta stilling til planar frå ulike aktørar. Det er eit stort betringspotensiale på dette området, og kriminalomsorga har eit overordna ansvar for å samordne denne innsatsen, jfr § 4 i Straffegjennomføringsloven om Forvaltningssamarbeid "

*Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlige etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetekt får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.”*

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet ut eit felles rundskriv om ...*Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen* (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå.

I stortingsmeldinga blir forvaltningssamarbeidet understreka på nytt og det blir mellom anna vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjennomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterande effekt, er det viktig at ...*at den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk* (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.28).

### **3.2.11 Elevdemokratiet**

I følgje Opplæringsloven (§11-6) skal det ved kvar vidaregåande skole vera eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet skal mellom anna arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane. Det blir og sagt i loven at dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen.

På spørsmål om korleis skolane legg til rette for utvikling av elevdemokratiet, får vi ulike svar. Det er ingen skolar som har etablert elevråd. Grunnen, i følgje skolane, er at det er manglande stabilitet i elevflokkene, stor gjennomstrøyming, men også små grupper og tett kontakt slik at mange skolar meiner at det er ikkje nødvendig å formalisere slike formelle organ. Skolane melder tilbake at elevpåverknaden blir ivaretatt gjennom allmøte, klasse møte, direkte elevsamtaler og tre skolar rapporterer at elevane vel sine tillitsmenn.

Fylkesmannen i Hordaland bed skolane etablere elevråd i samsvar med Opplæringsloven. Det er viktig for denne elevgruppa å få trening i å delta i demokratiske prosessar og dermed få kjennskap til grunnleggjande spelereglar i samfunnet.

### **3.2.12 Evaluering av eiga verksemd**

Opplæringslova (§2-1) seier at skolen og lærebedrifta jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og i dei enkelte læreplanane for dei ulike faga. Vidare blir det sagt (§2-3) at elevane i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal ta del i nasjonale undersøkingar som gjeld motivasjon, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet. Skolen skal syte for at kartleggingar blir følgde opp internt i samarbeid med elevrådet.

På dette området er det også varierende tilbakemeldingar om korleis evalueringa av eiga verksemd blir gjennomført. Over halvparten av skolane (20) svarar at dei evaluerer eiga verksemd gjennom egne møte både med lærarar og fengselsleing. Andre igjen nyttar tilbakemelding frå elevevaluering og eksamen.

### **3.2.13 Eksamen**

Det var ein auke i talet på elevar som gjennomførte eksamenar (frå 543 i 2004 til 644 i 2005), men desse tok litt færre eksamenar enn året før (972 i 2004, mot 870 i 2005) Talet på elevar –



1344 – som tok ikkje-kompetansegejevande kurs var monaleg høgare enn føregåande år (1190, sjå tabell 15 og tabell 16).

Det er i hovudsak elevane ved dei store lukka fengsla og elevar i oppfølgingsklassene som tar eksamen. Til dømes sto elevane ved Jessheim vgs, avd. Ullersmo fengsel for over ein firdel (27,5 prosent) av eksamenane innanfor vidaregåande opplæring, og elevane ved oppfølgingsklassene i Oslo (Grønland Voksenopplæringscenter, Bergen (Årstad vgs, avd. Dagskolen) og i Trondheim (Brundalen vgs, avd. ”Kif-skolen”) hadde nesten tre firdelar (70 prosent) av eksamenane i oppfølgingsklassene. Det er også ei utvikling at det blir gjennomført fleire eksamenar ved skolane i dei mellomstore fengsla. Skolane i dei mindre fengsla gjennomfører i større grad ikkje-kompetansegejevande kurs, men også skolar i større fengsel (til dømes i Oslo fengsel, Bastøy fengsel og Bergen fengsel) tilbyr slike kurs (sjå vedlegg 16).

### 3.2.14 Kostnader

Kostnadene pr heildagslev ligg litt høgare i 2005 enn i 2004 (143 000 kr i 2005 mot 136 000 kr i 2004). Talet ligg godt under satsen for spesialundervisning i vidaregåande skole som i 1995 var på kr 173 800 pr elev **sjekk med Eva, Jon eller Hanne**. Det er stor variasjon frå skole til skole (sjå vedlegg 2)

Talmaterialet viser framleis at det variasjonar i bruken av administrasjonsressursen ved skolar med nokolunde likt elevtal (sjå vedlegg 20). Skolane disponerer ressursane ulikt. I ein del tilfelle finn vi ein stor del av administrasjonsressursen lagt til hovudskolen og mindre til filialskolene. I dei fleste tilfella er det grunnar som talar for at administrasjonen bør leggjast til filialen i staden for til hovudskolen.

### 3.2.15 Avbrot

Det høge talet elevar – 3988 – som var innom skolane, seier noko om ein ustabil undervisningssituasjon ved mange skolar. Tal elevplassar var 964. Samla var det 1467 avbrot i undervisningssituasjonen i 2005, litt fleire enn året før. Fire av ti avbrot (39,4 prosent) var på grunn av at elevane blei sette fri. Dei fengselsfaglege avbrota (overføringar, disiplinære tiltak m m) utgjorde i 2005 25,9 prosent (sjå tabell 17), litt mindre enn i 2004 (27,9 prosent). Over eitt av ti avbrot er på grunn av overføringar til andre fengsel etter pålegg. Slike overføringar kan vera øydeleggjande for dei det gjeld. Års og månaders arbeid kan fort raserast dersom ikkje slike overføringar blir planlagt i samarbeid med den innsette sjølv og med samarbeidande instansar. Før overføringar skjer, skal dei drøftast med aktuelle samarbeidspartar, jamfør kommentarane til Forskriften §3-7 om Overføring mellom straffegjennomføringsformer (jf Straffegjennomføringsloven §14. Overføring mellom gjennomføringsformer) ”*Ved vurdering av om overføring skal finne sted, bør det tas hensyn til planlagte eller igangsatte tiltak, for eksempel opplæring eller påbegynt arbeid med å tilrettelegge forholdene etter løslatelse. Før vedtak treffes bør det derfor i nødvendig utstrekning tas kontakt med undervisnings-og sosialsektoren, Aetat mv. for å forberede eventuell overføring og sikre kontinuitet i opplegg som er igangsatt for vedkommende.*”

I det tidlegare omtala rundskrivet (G-5/2005) har kriminalomsorga ansvar for *at innsatte som er under opplæring, ikke flyttes mellom de ulike fengslene mer en høyst nødvendig*. Det blir også sagt i det same rundskrivet at *opplæringssektoren helt fra inntak til løslatelse involveres i planprosesser i kriminalomsorgen som vil påvirke skolens planlegging overfor domfelte og varetektsinnsatte*.

### 3.2.16 Internasjonalt samarbeid

Noreg er det landet i Europa som har flest fengselsskolar med i Sokrates programmet Grundtvig. Grundtvig rettar seg mot all vaksenopplæring, men prioriterer grupper som av ulike grunnar har vanskelegare tilgang til opplæring eller har behov for spesielt tilrettelagde

tilbod. Vaksne som manglar grunnutdanning, funksjonshemma vaksne og språklege minoritetar er mellom dei prioriterte gruppene. Grundtvig er delt i fire program: Grundtvig 1 – Tverrnasjonale samarbeidsprosjekt, Grundtvig 2 – Opplæringsamarbeid, Grundtvig 3 – Kurs og hospiteringsstipend og Grundtvig 4 – Nettverk (for meir info sjå [www.siu.no](http://www.siu.no) )

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga tok initiativet til eit omfattande Grundtvig 1 der målsetjinga er å utprøve ulike sider av IKT i europeisk fengselsundervisning. Prosjektet blei godkjent av EU – Brussels hausten 2005 og prosjektet går frå 1.12.05 til 31.12.07. Prosjektet har fått namnet *Partnerships in Prison Education: Learning in Networked Environments (PIPELINE)*

I tillegg til Noreg, som koordinerer prosjektet, er desse landa med: Danmark, England, Hellas, Romania, Slovenia, Sverige, Tsjekia og Tyskland, i alt 9 land. Prosjektet er kostnadsrekna til rundt 316843 € (ca 2,5 mill kr. Av dette yter EU 75% = ca. 1,9 mill. kr). Fylkesmannen i Hordaland administrerer prosjektet.

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga har engasjert dr.art Andreas Lund ved Universitetet i Oslo som prosjektkoordinator  
Prosjektet vil mellom anna arbeide med:

- Finne fram til tekniske løysingar som både tek vare på tryggleiken og dei pedagogiske sidene ved opplæring i fengsel
- Læringsaktivitetar, mellom anna fjernundervisning og nettundervisning
- Metodiske rettleiingar
- Utvikle magasin der målsetjinga er auka elevaktivitet

Høgskolen i Oslo er partnar i eit anna Grundtvig 1 program der målsetjinga er å utvikle læringsmodular for lærarar som arbeider i fengsla. I dette prosjektet er 8 land og organisasjonar med. Det blir koordinert av Malta. Steinkjer vgs, avd. Furuskogen er med i eit Grundtvig 1 prosjekt der målsetjinga er å følgje opp tidlegare straffedømte etter avslutta soning. Danmark er koordinert i dette prosjektet som har med i alt 4 partnarar.

Norske institusjonar som deltek i Grundtvig 2 prosjekt får normalt mellom 50 000 – 60 000 kroner i støtte per år. Den institusjonen som tek på seg å koordinere prosjektet får noko meir enn dei andre. Seks skolar har vore med i EU – programmet Grundtvig 2. Tre av skolane er med som koordinatarar (Åsane vgs, avd. Bergen fengsel, Brundalen vgs, avd. ”Kifskolen” og Hønefoss vgs, avd. Ringerike fengsel) medan dei andre skolane er med som partnarar (GVO, avd. Bredtveit fengsel, Kvadraturen vgs, avd. Kristiansand fengsel og Strømsø vgs, avd. Drammen fengsel). Desse skolane har kontakt med rundt 20 institusjonar i andre europeiske land. Tema i prosjekta er praktiske/estetiske fag, fleksibilitet i fengselsundervisninga, vaksenopplæring, samarbeid mellom yrkesgruppene og oppfølging etter avslutta soning.

